

# VOSSA JAZZ

## RAPPORT - VOSSA JAZZ - 2011

Vossa Jazz vart skipa til 15. - 17. april. Festivalen var godt besøkt og den kunstnarlege delen var framifrå. Den 38. Vossa Jazz går inn i historia som ein av dei beste; både programmering, gjennomføring og publikumsutvikling var svært vellukka.



Tingingsverket " Voss", av og med Mathias Eick

I løpet av festivalen fann 50 tilskippingar stad der i alt 50 band medverka. 270 profesjonelle musikarar og om lag 240 amatørar sytte for store musikalske opplevingar frå 18 ulike scenar.

Antal betalande publikum på tilskippingane var i underkant av 6 000. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total over 12 000 konsertbesøk. 270 medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.

## NYSKAPANDE

Med ein poetisk og jazza hyllest opna Dagfinn Nordbø og Det Norske Poesi & Satireorkester festivalen. Opningskonserten fekk ny overskrift på plakaten då Overtone Quartet måtte melda avbod veka før festivalen grunna sjukdom. Då fekk Vossa Jazz ideen om å freista å få Jøkleba til å gjennoppstå! Til stor jubel for festivalleiing og publikum takka dei ja til å gjera eit unntak frå sitt konsertsølibat. Det vart litt av eit gjensyn! Jøkleba gjorde ein fantastisk konsert og stemninga for resten av festivalen var satt i magiens teikn.





Jøkleba Vossa Jazz 2011

#### **Nye produksjonar i 2011:**

- Tingingsverket "Voss" av Mathias Eick
- Trondheim Jazzorkester under leiing av Eirik Hegdal, bestilling i samarbeid med Midtnorsk Jazzsenter
- Ekstremjazz leia av Karl Seglem
- Tingingsverk til Badnajokk: "Eg è liten eg, men eg vaoga meg" under leiing av Berit Opheim Versto og Kari Finne Sognnæs
- Tingingsverket til UNGjaJAZZja: "Lydbank", laga av ungdomane, sett saman av komponist Åsmund Weltzien

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket, denne gongen komponert av Mathias Eick. Medverkande var Andreas Ulvo (piano), Torstein Lofthus (trommer), Gard Nilssen (trommer), Audun Erlien (bass), Morten Qvenild (piano) og Even Helte Hermansen (gitar). Dei framførte verket "Voss" som bestod av åtte melodiar med trøkk; eit lag som presterte utsøkt musisering til ellevill respons frå ein fullsett Vossasal. "Voss" av Mathias Eick var det 30. tingingsverket levert til Vossa Jazz.

Nyskriven musikk og norsk jazz var nok ein gong sterkt representert. I samarbeid med Midtnorsk Jazzsenter hadde Vossa Jazz bestilt ny musikk av Trondheim Jazzorkester under leiing av Eirik Hegdal. Dette var ei framsyning prega sterke musikarar, kvalitetsjazz som gav publikum ei leikande og kreativ framsyning. Denne bør settast opp att ander stader i inn og utland!

Ekstremjazz fann stad for femte gong med Karl Seglem som kunstnarisk leiar. Med utgangspunkt i den siste plata "Ossicles" hadde han laga ny musikk, bestillinga fekk namnet Karl Seglems Jazzeld. Noko av målsettinga med kryssover - tiltak er m.a. at tilhøyrarane skal få oppleve noko dei ikkje normalt oppsøker. Bak gratisframsyninga ved Vangsvatnet laurdag kveld stod Karl Seglem (saksofon/ bukkhorn), Håkon Høgemo (hardingfele), Lars Jakob Rudjord (keyboard), Helge Harstad (bass), Kåre Opheim (trommer). I tillegg var det koreografi av Anne Bryhn og lydproduksjon ved Asle Karstad. I tillegg var ekstremportutøvarar med fallskjermhoppalar og speedflygarar. Grunna dårlege vindforhold var det kun tre av speedflygarar som kunne fly ut frå Hangur. Samansmeltinga vart ei estetisk og dramatisk framsyning av musikk og scenografi. Ekstremjazz, med møte mellom jazz og ekstremспорт, er eit unikt prosjekt Vossa Jazz vil utvikla vidare.

Tingingsverket til Badnazz "Eg è liten eg, men eg vaoga meg" hadde om lag 90 born på scena. Desse har sidan i haust jobba med tradisjonelle folketonar under kunstnarisk leiing av kvedarane Berit Opheim Versto og Kari Finne Sognnæs.

### **Scener og innhald**

Me tok i bruk det nye kulturhuset som opna i januar. Det var norsk/polske fargar på laurdagens konsertar: eit magisk møte mellom klezmerspesialistane i Kroke saman med folkemusikkgruppa Tindra, etterfulgt av Karuzela; eit utval songar frå den moderne polske songskatten framført av sterke musikalske namn frå Noreg og Polen. Sundagen var det duka for eit musikk/ poesi-møte med Ivar Orevdals Kombo. Kombinasjonen lyrikk og musikk var også godt presentert gjennom Det Norske Poesi & Satireorkester med Dagfinn Nordbø og Vagleik og Gaute Storaas. Bak Buicken står sterke pennar som Lars Saabye Christensen og Tom Stalsberg akkompagnert av Stian Carstensen og Knut Reiersrud. I tillegg hadde me Badnazz - konsert med mellom andre Eldbjørg Raknes og Eirik Hegdal i Voss kulturhus.

Konsertrekka i Osasalen på Ole Bull Akademiet opna med kammermusikalsk improvisasjonsmusikk, servert av kvartetten Dans les Abres, etterfulgt av vakre folketonar frå Hardanger, "Fodne ho svara stilt" med Åsne Valland Norli, Berit Opheim Versto og Benedicte Maurseth på vokal og Sigbjørn Apeland på trøorgel. Sundag var det duka for nye musikalske perler; Kuára med mellom andre trompetisten Per Jørgensen og Steinar Raknes solo gav sterke konsertar til Vossa Jazz- publikummet.

Vossa Jazz held fram med å nytta små, intime konsertscener. I tillegg er det viktig at det kan oppstå gjesteopptreden frå andre musikarar som vitjar

festivalen. Tre Brør er kafeen i Hålandshuset der Vossa Jazz har kontor, her serverte me brunsjkonserter med Benedicte Maurseth på hardingfele/vokal og Stein Urheim dukka opp som gjestemusikant på gitar/vokal. Annlaug Børsheim hadde solokonsert søndag føremiddag. På Ringheim kafé hadde HP Gundersens prosjekt The Last Hurrah! med mellom andre Heidi Torsvik på vokal. I tillegg til det faste bandet gjesta David Vogt(fele) konserten. I Nain var det dobbelkonsert med Bjerkrheim - jazz, musikk tonesett og arrangert av Olav Arne Steinkopf med mellom andre Frøydis Grorud på fløyte/saksofon og songarar frå fire ulike kor i regionen.

Fraktgodsen er festivalens jazzscene med sterke namn frå den norske og internasjonale jazzscena. Det var engelske, amerikanske, danske, italienske, polske og norske musikarar på scena: Saksofonist Marius Neset frå Os i Hordaland serverte kvalitetsjazz med sitt prosjekt Golden Xplosion. Stefan Pasborgs Odessa 5 X-tra Large gav ein miks av afro, avantgarde og jazz. Me hadde også eit gledeleg gjensyn med Subrio og Paolo Fresu og stjernemøte med den polske trompetisten Tomaz Stanko. Avslutningsvis sette Funky Football med Steven Bernstein som supergjest, eit verdig punktum for ei konsertrekke som syda av høg kvalitet, musikalske galskap, varsemd og møter mellom musikarar og publikum av dei sjeldne.



Tomaz Stanko, Fraktgodsen

Vossa Jazz sin profil omfattar jazz, folkemusikk og verdsmusikk, sistnemnte presentert gjennom Kroke, Wunderkammer og Hoven Droven. I tillegg hadde me eit nytt sjangerhopp: Folkrap - eit møte mellom folkemusikk og rap med Rannveig

Djønne, Annlaug Børsheim, Tommy Tee og Andre Hadland. Kyrkjekonserten stod Dag Arnesens Norwegian songs for. I tillegg samla Terje Rypdal, deLillos, Pelbo, Frida Ånnevik, Dungen, Hilde Marie Kjersem og Vidar Busk fulle hus på kveldstid.

#### TILBOD FOR ALLE

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, også for dei yngste. Badnajazz har i elleve år servert musikk for, av og med born. Laurdag morgon var det gratis konsert for folk i alle aldrar i Pianobaren på Park. Seinare på føremiddagen var det tradisjonen tru parade og utekonsert på Vangen. I år måtte me flytte Badnajazz - konserten me vanlegvis har ute på Mølstertunet inn i Vossajuvet på Park. Håkon Kornstad trollbandt publikum med jazz pakka inn i effektar laga av mellom anna ei "papegøymaskin" og verdas største saksofon.

**BADNA  
JAZZ**





Sundag fann endå ei nyskaping stad: Badnajazz sitt tingingsverk; "Eg è liten eg, men eg vaoga meg", fire barnekor med nærare hundre born har jobba sidan hausten 2010 med prosjektet. Berit Opheim Versto og Kari Finne var kunstnariske leiarar, bandet bestod av Einar Mjølshes (hardingfele), Erlend Styve (gitarar), Jonas Vedde Ødegård (gitar), Bjørnar Kaldefoss Tveite (bass), Kåre Opheim (trommer) og Håkon Kornstad (saksofon/ fløyte). Saman framførte dei 16 folketonar pakka inn i jazz og folkemusikk. Dette vart ei festframsyning med trykk og sjarm som kravde ekstrakonsert for å dekkja publikumsoppslutnaden.

Vossa Jazz har også ei sterk satsing på ungdom, **UNGjaJAZZja!** Dette er ei satsing for, av og med ungdom. Målsettinga om å spreia og skapa interessa for jazz og nærliggande musikkformer hjå den yngre garde. Denne satsinga har i fire år hatt eit samarbeid med Jazzlinja i Trondheim der studentane tilbyr gratiskonsert for ungdom i bygda, i tillegg til verkstad for elevar ved Voss Jazzskule. Tilbod om individuell undervisning på ulike instrument og samspelundervisning går året gjennom. Nytt av året var ungdomen sitt eige Tingingsverk, "Lydbank". Gjennom hausten fekk ungdomane med seg to lydopptakarar heim, dei laga eigen musikk, spanande lydar osb. Dette materialet vart sett saman av komponist Åsmund Weltzien og under Vossa Jazz framførte

om lag 30 ungdomar "Lydbank". Ungdomar var engasjert i alle ledd i produksjonen og elevlar frå Voss Folkehøgskule hadde laga film som var ein del av framsyninga. Prosjektet har fått stønad frå Norsk kulturråd. I tillegg hadde elevlar ved Voss Jazzskule konsert med Subtrio og Paolo Fresu. Det er eit gjennomgåande høgt nivå hjå desse elevane og motivasjonen og inspirasjonen dei får ved å spele med profesjonelle musikarar er stor. Bergen Ungdomsstorband med ungdom i alderen 14-18 år frå heile Hordaland synte også at det spirer og gror blant dei unge musikantane i fylket.

Årets festival baud som vanleg på eldrejazz, samt gratiskonsert både på torget og jazzkafé på Park. For andre år hadde Superjazz eit tilbod for menneske med nedsette funksjonsevner, dette samla fullt hus. Mads Berven Trio hadde verkstader i forkant av konserten og gjennomførte konserten i samarbeid med publikum!

## FESTIVALKUNST

Festivalen har ein lang tradisjon på å utfordra kunstnarar til å lage plakat til festivalen. I år var det Laurie Grundt og Gruppe 66 som stod for utstillinga. Plakaten var eit trykk laga av Grundt til ei utstilling Gruppe 66 hadde [på Bergen kunstforeining](#) i 1966. Under utstillinga på Voss var deler av Gruppe 66 tilstades og stilte ut verk laga etter år 2000. [Om lag 1000 personar vitja utstillinga som også fekk god omtale i media.](#)



### **GODT MILJØ PÅ VOSS**

Vossa Jazz er oppteken av miljø. Næringslivsseminaret "Vossakveik" vart skipa til i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk. Sjur Hjeltnes var musikalsk møteleiar og Irene Nygårdsvik og Sjur Holsen tok oss gjennom seminaret der tema var "Vestlendingen: verdiskapar eller monsterforbrukar?"

I tillegg har festivalen fokus på godt klima, inne og ute. Det er viktig at alle trivest på festivalen; både musikarar, gjester og medarbeidarar. Gjenbruk av møblar og liknande i scenedekoren og fokus på å nytta miljøvenleg transport så langt det var mogeleg er ein del av profilen til festivalen.

### **PRISAR**

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland fylkeskommune ut Vossa Jazz- prisen. Prisen skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest bemerkta gjennom året og den 24. i rekkja gjekk til Mari Kvien Brunvoll. I tillegg vart Badnajazz-prisen og UNGjaJAZZja! - prisen delt ut. Sistnemnde vert gjeven av Vossa Jazz sin hovudsponsor; Vossa Jazz - laugget. Prisen er på kr. 10 000 skal gå til unge band/artistar som har hatt stor utvikling og spreidd musikkglede for seg sjølv og andre det siste året.

### **PRESSE**

Vossa Jazz 2011 hadde 40 presseakkrediterte, fire av desse var utanlandske. Det var god dekning i lokal, nasjonal og internasjonal media med oppslag i mellom anna NRK TV, NRK radio, P4, Dagbladet, Bergens Tidende, avisa Hordaland, Jazznytt, Bergensavisen, BBC radio, Santa Barbara Independent, Jazz Times, Stavanger Aftenblad, Aftenposten, Dag og Tid og Dagsavisen.

### **ØKONOMI - OFFENTLEGE TILSKOT**

Festivalen mottok for 2011 kr. 1.100.000 frå Norsk Kulturråd, kr. 343.000 frå Hordaland fylke (25 000 av desse går til Vossa Jazz - prisen) og kr. 225.000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjekttilskot m.a. frå Norsk Kulturråd og Visjon Vest. Vossa Jazz er eit av lokomotiva i det norske jazzmiljøet og det er viktig at det offentlege også ser rolla festivalen har lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er difor særst viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentlig medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz og kontinuitet i arbeidet. Auka løyvingar frå det offentlege vil vera med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og

langiktig planlegging. Det er kostnadskrevjande å vera nyskapande og involvera mange ulike aktørar, lokalt og nasjonalt.

### **SPONSORSTØNAD**

Festivalen sin hovudsponsor er det lokale næringsliv gjennom Vossa Jazz lauset. Dette sikrar sponsorinntekter i overkant av kr. 400.000 pr. år. I tillegg har festivalen mellom anna inngått treåring avtale med BKK. Festivalen har, som alle andre kulturtilskiparar, arbeidd hardt mot større nasjonale sponsorar. Det er utfordrande å få store, nasjonale sponsorar med på laget. Vossa Jazz vil jobbe hardt vidare for å levere så god kvalitet at også desse ser nytteverdien av å sponsa ein jazzfestival i hjarta av bygdenoreg.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2011 er at festivalen har levert eit program med svært høg kvalitet, stor breidde i tilboda og ein klar profil. Vossa Jazz er stolte av det gode samarbeidet me har med andre aktørar og at tilreisande seier at det er ein spanande festival med eit godt klima for god musikk og gode opplevingar.

Voss, 27. april 2011

Trude Storheim,  
Dagleg leiar